

Bø Museum,  
Oterholtvegen 148,  
3802 Bø

Bø, 17.03.2016

NVE – Konesjonsavdelinga,  
Postboks 5091 Majorstua,  
0301 Oslo

**Fråsegn til høyring av redusera alternativ for Nye Oterholtfoss Kraftverk i Bø kommune, Telemark fylke.**

Bø Museum sine anlegg er plassera ved Oterholtbrua og på Kvennøya. Aktiviteten på museet blir påverka både av anleggsarbeid og endra vassføring ved utbygging av Oterholtfossen.

Heving av vasstanden oppstrøms Oterholtfossen med 0,6 meter. Me kan ikkje sjå at det er vurderer om dette har konsekvensar for bygningane til Bø Museum eller områda dei ligg på. Vurdering av avbøtande tiltak er nødvendig for å sikre anlegga våre. Klimaendringane som me veit kjem vil også skape problemer da me kan vente kraftigare regn på kort tid noko som vil auke faren for flaum og erosjon.

Framtida for det gamle kraftverket og kulturmiljøet på Kvennøya. Som nemt fleire gonger i fagutredningane har Kvennøya hatt mange forskjellige aktivitetar heilt tilbake til tidleg på 1600-talet. Den siste lekkja i den aktiviteten er kraftverket som er frå 1932. Maskinene som framleis er i bruk er frå 1917. Heile anlegget vil kunne bli ein viktig del av miljøet og opplevingane på Kvennøya. I området på og ved Kvennøya er det innholdsrike kulturlandskap og store muleghetar for for å formidle historie opp gjennom tida både ved synlege spor av tidlegare aktivitet og ved informasjonstavler. Den unike kombinasjonen av gode landskapsopplevingar med flott vassdragsnatur, eit rikt kulturmiljø med gamle bygningar, god skjøtsel og dei mange og varierte muleghetane for friluftsliv, er verdier som må bli tatt vare på både i utbyggingsfasen og særleg når utbygginga er ferdig. Me saknar nærare omtale av kva for rolle det gamle kraftverket skal få etter den nye utbygginga og ser det som naturleg at Bø Museum blir teke med på det vidare arbeidet med planlegginga av dette. Me ser fram til eit samarbeid for å beholde og utvikle Bø Museum og Kvennøya som historisk og kulturell møtestad både for innbyggjarane og for tilreisande.

Utbyggingsfasen. Avbøtande tiltak. Under utbyggingsfasen er det nødvendig med avtaler slik at støyande aktivitet ikkje kjem i konflikt med planlagte arrangement og anna aktivitet på Bø Museum og Kvennøya.

Bø Museum

v/ Ingebjørg Ørnulfsdatter Nordbø